



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1924 - 14/12650

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

23.05.2014

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 213/18 Eikanger nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel for å kunne nytta eigedommen til bustadføremål. Eksisterande bygning på eigedommen har vore nytta som bedehus/meninghetshus. Denne saka gjeld kun dispensasjon. Sjølv byggesaka om bruksendring av bygget må sendast inn i eigen søknad.

Det er i søknaden vist til at ein tenkjer å halde ulike kurs, det er blant anna vist til såpelaging, fotografering og kreatib utvikling for born. Administrasjonen er usikker på om tanken er å driva med næringsverksemd i bygget i tillegg til bustad. Då det i søknaden kun er søkt dispensasjon for bruk av eigedommen til bustad, er det dette som vert handsama her.

Planstatus

Eigedommen er avsett til offentleg eller privat tenesteyting i kommuneplanens arealdel. Bruk av eigedommen til bustadføremål krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og frå plankravet i kommuneplanen.

Bruksendring krev også dispensasjon frå pbl § 1-8 om forbodet mot tiltak i 100 meters beltet langs sjø. Det er ikkje søkt dispensasjon frå pbl § 1-8, og dispensasjon frå denne bestemmelsen vert difor ikkje handsama her. Søkjar er orientert om at det må sendast inn søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8.

Politisk handsaming

PM - vedtak:

Vedtak i PMU - 14.5.2014:

Eigedomen er i kommuneplanen regulert til offentleg/privat tenesteyting på grunn av eigedomens bruk på det tidspunkt kommuneplanen vart laga. Dåverande bruk er no opphøyr og det er ynskje frå noverande eigar å benytte eigedomen til bustadformål. Plan- og miljøutvalet meiner at eigedomen er betre å utnytte til bustadformål enn til offentleg / privat tenesteyting. Plan- og miljøutvalet ser imidlertid store utfordringar med å få gjennomført bruksendring av eksisterande bygningsmasse til bustadformål. Plan- og miljøutvalet

Post

postnotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



gjer oppmerksom på at ei bruksendring må fremmast som egen sak og at oppfylling av relevante krav i lov og forskrift må dokumenterast i den forbindelse.

Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå gjeldande arealformål og gjev løyve til at eigedomen kan nyttast til bustadformål.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Sylta på e-post siril.sylta@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bruk av eigedommen til bustadføre mål - gbnr 213/18 Eikanger nedre
Kommuneplankart
Situasjonskart
Dispensasjonssøknad
Foto frå synfaring
Skråfoto

Kopi til:

Brynhild Winther	Studentbyen	5082	BERGEN
	Nattland 59		

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------